



# Innst. S. nr. 68

## (2004-2005)

### Innstilling til Stortinget frå samferdselskomiteen

St.prp. nr. 28 (2004-2005) kap. 1062 og kap. 4062

#### **Innstilling frå samferdselskomiteen om endringar av løvyingar i 2004 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område**

Til Stortinget

#### **SAMANDRAG**

##### **Kap. 1062 Kystverket**

###### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å auke kap. 1062 Kystverket post 21 Spesielle driftsutgifter med til saman 21,2 mill. kroner i 2004 knytt til meirkostnader til Rocknes-aksjonen (17,0 mill. kroner) og aksjonen knytt til Gudrun Gisladottir (4,2 mill. kroner).

Begge aksjonane vil bli evaluerte. Fiskeri- og kystdepartementet vil i samarbeid med Kystverket sørge for at erfaringane frå aksjonane blir følgd opp på ein formålstenleg måte.

##### **Kap. 4062 Kystverket**

###### **Post 1 Gebyrinntekter**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å auke kap. 4062 Kystverket post 1 Gebyrinntekter med 9,3 mill. kroner i 2004 som følge av kompensasjon for lønnsoppgjerset for 2004 på gebyrfinansierte tenester.

#### **MERKNADER FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulf Froyn,

Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, fra Høyre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans Gjeisar Kjæstad og lederen Petter Løvik, fra Fremskrittspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, fra Kristelig Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og fra Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til omtalen i proposisjonen av problematikken rundt Gudrun Gisladottir.

Komiteen viser til de to prosjektene "Miljøovervåkning av området" og "Utvikling av proaktive fiskehus". I en kombinasjon vil disse gi en tilfredsstillende løsning i forhold til forurensingsfarene, og samtidig skaffe ny kunnskap når det gjelder miljøet omkring vrak, mulighet for nedbryting av installasjoner på havbunnen og samtidig bidra til å bygge opp truede lokale fiskestammer.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, ber Regjeringen komme tilbake i saken på egnet måte.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet ber Regjeringen komme tilbake med en vurdering av saken i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett, herunder finansiering av prosjektet.

**TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår til at Stortinget gjer slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringer:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
1062		Kystverket (jf. kap. 4062)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir øka med ..... frå kr 113 900 000 til kr 135 100 000	<u>21 200 000</u>
4062		Kystverket (jf. kap. 1062)	
	1	Gebyrinntekter, blir øka med ..... frå kr 502 825 000 til kr 512 125 000	<u>9 300 000</u>

Oslo, i samferdselskomiteen, den 2. desember 2004

**Petter Løvik**  
leiar

**Jan Sahl**  
ordførar